

Årets Erasmus-institusjon 2021

Grunngiving

Formål

Formålet med prisen årets Erasmus-institusjon er å verdsetje ein norsk høgare utdanningsinstitusjon for framifrå deltaking i Erasmus+-programmet. Det vert lagt vekt på at institusjonen har hatt ei positiv utvikling ut frå storleik og føresetnader. Prisvinnaren får 10 000 kroner og ein diplom frå Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse. Tilskotet skal nyttast på ein måte som kjem studentane til gode. Prisen for årets Erasmus-institusjon vert i år tildelt for åttande gong.

Kriterium

I vurderinga av kva for institusjon som vann prisen legg Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse vekt på desse kriteria:

- Årets Erasmus-institusjon skal ha hatt positiv utvikling i Erasmus+-deltakinga
- Institusjonen bør delta breitt og aktivt i fleire av tiltaka i Erasmus+: mobilitet i og utanfor Europa, strategiske partnerskap og sentraliserte tiltak
- Deltakinga i Erasmus+ bør vere forankra institusjonelt og strategisk, og det det er positivt viss ho er samordna med og styrkjer anna verksemd ved institusjonen
- Det er positivt dersom deltakinga bidrar til å oppfylle regjeringa sine prioriteringar og strategiar, og da særleg [Erasmus+-strategien](#)
- Det er positivt om institusjonen utmerker seg innan nye delar av Erasmus+-programmet eller innan delar av programmet der norske institusjonar i liten grad har søkt tidlegare
- Det er positivt viss institusjonen utmerker seg innan dei horisontale prioriteringane i Erasmus+-programmet, som inkludering, mangfald, aktivt medborgarskap, digital omstilling og berekraft
- Det er positivt viss institusjonen har gjort ein særleg innsats for å formidle resultat frå deltakinga i programmet
- Institusjonen bør ikkje ha fått prisen i løpet av dei siste tre åra.

Årets vinnar er Høgskulen på Vestlandet – HVL.

Høgskulen på Vestlandet har hatt ei **positiv utvikling** i deltakinga i Erasmus+ dei siste åra, og arbeider godt og **strategisk forankra** med programmet. Forankringa er mellom anna synleg i institusjonen sin handlingsplan for internasjonalisering 2021 –2023, som har tydelege og høge ambisjonar for både prosjektsamarbeid og mobilitet gjennom Erasmus+.

Høgskulen på Vestlandet har gjennom fleire år særleg utmerkt seg innan tiltaket *strategiske partnerskap*. I førre programperiode deltok høgskulen i 26 partnerskap, i 10 av desse som koordinator. Gitt storleiken til institusjonen er dette eit imponerande resultat. I 2021 har HVL fått innvilga to prosjekt, som byggjer vidare på to tidlegare strategiske partnerskap. Dei to nye prosjekta utfyller dei føregåande, og begge femner i stor grad om dei **horisontale prioriteringane** inkludering og digitalisering.

Høgskulen på Vestlandet var den første i Noreg (2020) som starta med miljøstipend til utvekslingsstudentar, noko som er i tråd med Erasmus-prioriteringa om berekraft.

HVL er også med i sentraliserte prosjekt. Høgskulen har vore trekt fram som god på synergjar, og er flink til å samarbeide med andre sentrale aktørar i regionen sin, noko som også er prioritert i **den norske Erasmus+-strategien**. Sektoralliansen DISH er eit godt døme, der HVL saman med Vaksdal kommune og Norwegian Smart Care Cluster er norske partnarar i eit prosjekt som skal auke digitale ferdigheiter blant helsepersonell.